



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for helse, kultur og oppvekst	

Fordeling av kulturmidlar 2026

Samandrag:

Herøy kommune fordeler kulturmidlar som driftstilskot til einskildpersonar, frivillege lag og organisasjonar som driv eller vil starte kulturtilbod i kommunen.

Kulturmidlane bidreg til å styrke lokalsamfunnet, fremje inkludering og mangfald, og støttar opp om frivillige arbeid.

Fordelinga skjer etter vedtekne retningsliner og budsjettet er på 250 000 kroner.

Kommunedirektøren si tilråding:

Utval for helse, kultur og oppvekst fordelar kulturmidlane for 2026 slik det går fram i saksutgreiinga.

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar (Nye 2025)
Forslag til fordeling av kulturmidlar, driftstilskot for 2026

Saksopplysningar:

Det er eit mål for Herøy kommune å legge til rette for eit mangfaldig og variert kulturtilbod som skapar trivsel og bulyst i heile kommunen.

Kulturmidlane kan stimulere til for dette. Kommunestyret vedtok justerte retningslinjer og budsjett for kulturmidlar K-sak 31/25.

Kulturmidlane skal fordelast som driftstilskot til einskildpersonar, frivillige lag og organisasjonar med kontinuerleg kulturaktivitet for barn og unge. Eit viktig prinsipp er at søkjar legg til rette for inkludering og mangfald i aktiviteten sin, og aktivitetane som er retta mot sårbare grupper vert prioritert.

Informasjon om kulturmidlane og søknadsfrist er delt på kommunen si heimeside og Facebook. Innan fristen, 1. april har det kome inn 11 søknadar om driftstilskot til lag og organisasjonar.

Stiftinga Herøyspelet har fått tildelt støtte frå fylkeskommunen gjennom ein fireårsavtale på 70 000 kroner per år. Eit av kriteria for denne tildelinga er at Herøy kommune bidrar med minimum likt beløp, altså 70 000 kroner per år. Dette kravet må oppfyllest for at Stiftinga Herøyspelet skal kunne motta fylkeskommunal støtte.

Vurdering og konklusjon:

Fordelinga av kulturmidlar skjer etter vedtekne retningslinjer og dei skal opplevast rettferdig for søkerane og innbyggerane. Dette sikrar optimal bruk av midlane og at dei når dei som treng det mest, og bidrar til eit levande og inkluderande lokalsamfunn. Vedlegg til saka inneheld informasjon om søkerane og tidlegare utbetaling av kulturmidlar.

Forslag til fordeling av driftstilskot i dei forskjellige kategoriane:

Kategori	Tilskot 2023	Tilskot 2024	Tilskot 2025	Tilskot 2026
Musikk	42 500	59 000	48 000	54 000
Idrett	85 500	69 000	106 000	100 000
Barne og ungdomsorganisasjon	22 000	22 000	26 000	26 000
Stiftinga Herøyspelet	150 000	150 000	70 000	70 000
Total driftstilskot	300 000	300 000	250 000	250 000

Kommunedirektøren foreslår driftstilskot fordelt mellom desse lag og organisasjonane:

Søkjar	Kategori	Medlemmar mellom 6-20 år	Forslag til driftstilskot for 2026
Jøleik skulekorps	Musikk	28	18 000
Kvalsvik Nerlandsøy musikkorps	Musikk	14	18 000
Spelmannslaget Havella	Musikk	20	18 000
Stiftinga Herøyspelet	Anna	100	70 000
Bergsøy idrettslag	Idrett	676	50 000

Tjørvåg idrettslag	Idrett	84	25 000
Herøy biljardklubb	Idrett	70	25 000
Herøy frikyrkje sjøspeidar	Barne- og ungdomsorganisasjon	47	11 000
Myrvåg 4H	Barne- og ungdomsorganisasjon	18	5 000
Remøy juniorlag	Barne- og ungdomsorganisasjon	14	5 000
Herøy frikyrkje	Barne- og ungdomsorganisasjon	47	5 000
Total utbetaling			250 000

Musikk: Driftstilskotet er auka frå førre år med 2 000 kroner for kvart korps/spelemannslag.

Idrett: Fordelinga er basert på ein heilskapleg vurdering basert på medlemstal, kostnad på drift og ønske om eit variert idrettstilbod i heile kommuna.

Barne- og ungdomsorganisasjonar: Driftstilskotet er auka frå førre år med 1 000 kroner pr. organisasjon.

Anna: Tildeler 70 000 kroner til Stiftinga Herøyspelet, med grunn i at det er eit kriterie for fylkeskommunal kulturtilskot. Dei driv kontinuerleg kulturaktivitet for barn, unge og voksne i Herøy kommune. På denne måten vert vår kulturarv formidla vidare til nye generasjon.

Trond Arne Rossi Aglen	Julianne Auberg Hauge
Kommunedirektør	Kulturleiar